



DISTRIKTSKONFERANSEN 2026

Fosnavåg, Herøy



Invitasjon

Velkomen til Fosnavåg
helga 18.-20. september 2026

Herøy Rotaryklubb ynskjer varmt velkomen til Distriktskonferansen i Fosnavåg. Vi ligg ytst i havgapet rett syd for Ålesund, og kan by på vakre maritime omgjevnader i og rundt konferanselokasjonen Thon Hotel Fosnavåg.

Vi gler oss til besøk, anten du kjem for sjølve konferansedagen eller blir fleire dagar!

STAD:

Thon Hotel Fosnavåg
Gerhard Voldnes veg 7
6090 Fosnavåg

DATO KONFERANSE:

19. september 2026



Helsing frå Distriktsguvernør

Kjære Rotaryvenner !

Velkomen til årets distriktskonferanse i min vakre heimstad Fosnavåg.

Fosnavåg betyr den «løynde vågen» – ein stad der sjøfarande i alle tider har funne ly for ver og vind. Mange finn òg ly i Rotary. Ein fristad der ein i ein knapp time for veka kan stikke seg bort og ha litt eigentid. Sånn har eg òg hatt det sidan eg som 39-åring kom inn i Rotary i 2004. Som yrkesaktiv distriktsguvernør er eg oppteken av at Rotary som organisasjon utviklar seg og legg til rette for at også yrkesaktive kan ta på seg verv anten det er på klubbnivå, i distrikt eller internasjonalt. Eg opplever heldigvis at dette er noko som og medlemmer i andre distrikt er opptekne av. Det er eg glad for. I år er faktisk 5 av 6 distriktsguvernørar i Noreg yrkesaktive.

Elles prøver vi i distriktet å tenkje nytt for å spare tid, pengar og miljø. Som guvernør vil eg fysisk besøke klubbane i vest i år, vi skal gjennomføre ein «eindags» distriktskonferanse og vi held styreseminara digitale som i fjor. Ein annan ny ting vi ser på er innføring av RLI (Rotary Leadership Institute) – ei samlingsbasert opplæring i kva Rotary er for medlemmar som har lyst å lære meir og som etter kvart kan tenkje seg leiarverv både i klubb og elles.

Distriktskonferansen i Fosnavåg vert arrangert av min klubb Herøy RK. Eit svært godt program er meisla ut med to Nobelprisvinnarar på podiet i lag med ei rekkje andre dyktige og engasjerte folk. Eg gler meg! Håpar å sjå deg i Fosnavåg 19. september!

Med rotaryhelsing

Robert Arent Voldnes

Distriktsguvernør 2026-2027



Forord frå President i Herøy Rotary og Ordførar i Herøy kommune

Velkomen til Herøy havland og Distriktskonferanse for D2305!

Vi i Herøy Rotaryklubb er glade for å ynskje alle vel møtt til ei konferanse som er tufta på eit sosialt fellesskap med engasjement og eit ynskje om å gjere godt for andre - både lokalt og internasjonalt. Vi håper dette vert ein møteplass for inspirasjon og utveksling av idear som vil føre til endå betre arbeid lokalt i klubbane.

Thon Hotell Fosnavåg ligg midt i den vesle kystbyen vår, og innan kort avstand når ein dei fleste butikkane. Det er kort veg til flott natur. Om ein vil nytte seg av det gode tilbodet på tilknytingsdøgn frå torsdag til fredag på hotellet, eller reise seinare på søndagen, har vi lagt opp til aktivitetar, som korte spaser-/fjellturar og å sjå lokale Rotary-prosjekt. Sjå informasjon om dette på side 7.

Velkomen til Fosnavåg!

Olaug Andreassen

President 2026-2027



Herøy kommune ynskjer Rotary hjarteleg velkomen til konferanse i Herøy på Søre Sunnmøre. Herøy er ein kystkommune i stadig utvikling med sterke fellesskap, og eit næringsliv som står støtt i tradisjonar og innovasjon.

Herøysamfunnet er bygd på mot, skaparkraft, frivilligheit og framtidstru. Det er svært gledeleg å få vere vertskommune for Rotary som løftar fram samfunnsengasjement, samarbeid, kunnskapsdeling og godt leiarskap.

Velkomne til Herøy kommune.

Ann-Kathrin Tine Storøy

Ordførar Herøy kommune



Program 18-20. september 2026

FREDAG 18. SEPTEMBER

19:00 - 21:00 Ankomst Thon Hotell Fosnavåg.
Registrering og uformell mingling med burger-
buffet.

LØRDAG 19. SEPTEMBER

07:30 - 08:45 Frukost og registrering.
Rundstykker for tilreisande.

09:00 - 09:30 Opning. Distriktsguvernør Robert
Voldnes, Ordfører i Herøy kommune Ann-
Kathrin Tine Storøy, RI-direktør Sofia
Gisladottir og President i Herøy Rotaryklubb
Olaug Andreassen.

09:30 - 09:45 Kulturelt innslag v/ Elise Nærø

09:45 - 10:00 Pause

10:00 - 11:25 Korleis fungerer hjernen? Frå
romsant til minne. Nobelprisvinnarar i
medisin, professor May Britt Moser og
professor Edvard Moser, Kavli Institute of
Systems Neuroscience, medisinsk fakultet,
NTNU i Trondheim.

11:25 - 11:40 Pause

11:40 - 12:00 Mål for distriktet.
Distriktsguvernør Robert Voldnes.

12:00 - 13:00 Lunsj

13:00 - 13:15 Kva er Rotary og kva kan Rotary
vere i 2026.
RI-direktør Soffia Gisladottir.

13:15 - 13:30 Poliosituasjonen per i dag og
planane for polioaksjonen.
Lidun Hareide, End polio now coordinator
zone 18.

13.30 - 13.50 Rotary Leadership Institute
ved Laila Lerum

13:50 - 14:20 Er kommunikasjon og
medlemsrekruttering to sider av samme
sak?

Torunn Elle, kommunikasjonskomiteen
Oscar Høvik, medlemskapskomiteen

14:20 - 14.35 Pause

14.35 - 15.00 Rotary ungdomsutveksling
ved Elina Tomren

15.00 - 15:20 Stig Remøy, Olympic Shipping,
«Frå sjømat til olje og vindkraft»

15:20 - 15.40 Rita Sævik «Makrell og Kunst»

15.40 - 15.50 Pause

15.50 - 16.00 President Olaug Andreassen:
Herøy Rotaryklubb - 60 år og like sprek

16.00 - 16.20 Innkommende
Distriktsguvernør Dagny Sjaatil:
Presentasjon av neste års distrikts-
konferanse, og presentasjon av Nominert
distriktsguvernør Kristin Wangensteen -
Ålesund Øst RK.

16.20-16.25 Distriktsguvernør Robert
Voldnes: Avslutning av konferansen

16.30 Årsmøte for distrikt 2305
(Rederrommet)

18:30 Aperitiff i foajeen

19:00 Guvernørens bankett

SØNDAG 20. SEPTEMBER Frukost og
heimreise.

Foredragshaldarar



May Britt Moser er oppvaksen i Fosnavåg. Ho er utdanna psykolog, har doktorgrad i nevrovitenskap og er professor ved NTNU, Kavliinstituttet for nevrovitenskap.

Edvard Moser er oppvaksen på Hareid. Han er utdanna psykolog, har doktorgrad i nevrovitenskap og er professor ved NTNU, Kavliinstituttet for nevrovitenskap.

Begge to vart i 2014 tildelt Nobelprisen i medisin for oppdaginga av gitterceller i hjernen. Dette er celler som lagar eit slags indre kart i hjernen som gjer at vi både kan orientere oss og forstå kvar vi er i romet. Denne forskinga har dei vidareført, noko vi får vite meir om i foredraget. Dei er no rekna mellom dei fremste hjerneforskarane i verda.



Stig Remøy

Gründer, leiar og hovudaksjonær i Olympic Gruppen. Olympic Gruppen består av marin- og maritim/offshore industri.

Stig starta karriera si til sjøs allereie som 15-åring, og la tidleg grunnlaget for ei livsgjerning som har vore prega av innsats, visjon og handlekraft. Saman med brørne sine kjøpte han sin første fiskebåt som 19-åring og fekk ansvar som skipper allereie som 21-åring. Fiskerisatsinga la grunnlaget for det som vi i dag kjenner som Olympic Group. Gjennom dette konsernet har han bidrege til å skape arbeidsplassar, vekst og innovasjon. Med Olympic Kulturfond har han vore med på å løfte kultur, trivsel og aktivitet for oss som bur i regionen.



Rita Sævik

Dagleg leiar i rederiet Christina E. og Ervik & Sævik Eiendom. Styreleiar i Horisont Restaurant.

Rita Sævik er ei sterk regional stemme både innanfor fiskeri og kunst. I tillegg deler ho si eiga spesielle historie med oss alle. Ho er fødd i Equador, og kom til Herøy som 1-åring i 1978. Hav og fiskeri var kvardagen i oppveksten. Ho er ei av dei første kvinnene i regionen som valde sjøen og fiskeri som arbeidsplass. No er ho leiar av eit større fiskebåtrederi, har bygd opp ei nasjonalt kjend kunstsamling og driv eige kunstgalleri. Ho er sterkt engasjert i støttearbeid for barneheimen i Equador der ho budde første leveåret sitt.

Foredragshaldarar



Soffia Gisladdottir

Director 2026-28. She is a labour market specialist at Iceland's Directorate of Labor, where she connects entrepreneurs and startups with talent across Iceland and Europe. She previously served as a Deputy Member of Parliament. She holds a master's degree in education from the University of Akureyri.



Lidun Hareide

End Polio Now koordinator og læringsfasilitator for Rotary International for sone 18 og for International Assembly. Utdanna PH.D. i omsetjing, komparativ lingvistikk og korpuslingvistikk i tillegg til utdanning i pedagogikk, samt mediafag og kommunikasjon. Lang erfaring som forskar, lærarutdannar og journalist, og over ti års erfaring frå leiarutvikling i Norges Padleforbund. Medlem i ekspertrådet Teknisk komité Havpadling i ti år, og lang erfaring som styreleiar og styremedlem i ei rekkje regionale og nasjonale organisasjonar.



Laila Lerum

Oppvaksten i Sogndal. Lærarutdanning med fordjuping i matematikk og musikk, Nordisk ministerråds utdanning i samfunnsplanlegging Nordplan og diplomarbeid i Utviklingsledelse. Ho har vore rektor og skuleinspektør i Bergen og sektorsjef for kultur- og undervisning i Porsgrunn, og jobba som Senior manager med pedagogisk leing og organisasjonsutvikling i PricewaterhouseCoopers. Nasjonal leiar for Rotary Leadership Institute, og vil vere ansvarleg for opplæringa av fasilitatorar i vårt distrikt. Kjem frå Porsgrunn Rotary klubb med over 30 års erfaring som rotarianar med mange ulike verv både i klubb, distrikt og i sona.



Torunn Elle

Ansvarleg for merkevare- og kommunikasjonskomiteen sidan sommaren 2024. Ho har lang erfaring med marknadsføring og merkevarebygging frå IT-bransjen og reklamebyrå. Ho har jobba i ideell sektor dei ti siste åra, med ansvaret for merkevarebygging, strategisk samarbeid med store næringslivsaktører, og vore med å bygge opp organisasjonen sin nettbutikk frå null til ei omsetning på 14 millionar norske kroner i 2025.



Oscar Høvik

Medlemsansvarleg i D2305. Oppvaksten i Ulsteinvik før studiar i Oslo (bølgemekanikk). Nå busett p Lillehammer. Han har dei siste åra jobba som konsulent innan IT, samstundes som han med anna har drive eige firma, men også hatt jobb i fleire «konsulenthus». Han vart medlem i Hamar Vest Rotary-klubb i 2009. Har vore president og mykje engasjert i IT-løysingane som er nytta, samt hatt roller innan TRF både i klubb og distrikt.



Elina Tomren

Ansvarleg for ungdomsutveksling i Distrikt 2305, og ei av de mest erfarne i Norge i denne rolla. Ho jobbar i KLAR kompetanse, er utdanna lærar, og har bakgrunn frå frivillig arbeid i Brasil. Medlem i Vestnes Rotaryklubb.

Informasjon

Torget:

De er velkomne til å vise fram klubbane sine prosjekt under Distriktskonferansen på Thon Hotel Fosnavåg laurdag 19.09.24 kl. 08:00-18:00.

Dette er ein flott sjanse til å vise andre rotarianarar kva som skjer i din klubb av prosjekt og aktivitetar. Det vil bli eige område på hotellet med tilgong til bord og straumtilkobling. Rollups eignar seg godt. **Meir praktisk informasjon og påmelding kjem i ein separat invitasjon.**

Overnatting:

Dei som skal ha overnatting kan glede seg til komfortable senger og fantastisk frukost på Thon Hotel Fosnavåg. Konferansen føregår i konsertsalen på hotellet, der også festmiddagen på laurdag skal vere.

Sjå video frå hotellet og områda rundt her:

<https://youtu.be/SMXFDySTSAk?si=mYKYP-FPcu1kPmAk>

Aktivitetar:

Vi legg opp til tre valfrie aktivitetar for dei som kjem tidleg fredag og/eller har sein avreise søndag.

1. Fjelltur til Hornseten - ca. 3 km t/r. Flott utsikt over heile havlandet!
2. Hjartehaugen - utsiktspunkt i fuglereservat. Ca. 25 min. gåtur fra hotellet.
3. Omvisning Slippen / Herøy kystlag - kort gåtur frå hotellet.

Send e-post til Olaug: andreassenolaug@gmail.com om du ynskjer å vere med. Guide er med på alle turar. Ta med gode sko for tur 1. og 2.



Påmelding

Individuell påmelding (med eller utan partner) til distriktskonferansen skjer via vedlagde påmeldingsskjema.

Utfylt skjema på e-post til kasserar: perarne@gjerdsbakk.no

Påmeldingsfrist: 1. juli 2026

Du får stadfesting av påmeldinga per e-post.

Betalingsfrist: 15. juli 2026

Frist for avmelding med refusjon av innbetalt beløp: 15. august 2026.

Kontakt ved spørsmål:

Kasserar Per-Arne Gjerdsbakk

Tel. +47 913 96 980

E-post perarne@gjerdsbakk.no

Alle illustrasjonsfoto - takk til: meirentusenord.com

